



ARKOCONSULT AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 03.04.2018  
Vår ref.: 2018/8134-6  
Saksbehandlar: kjeomar  
Dykkar ref.:

Att. Widar Sorø

## **Fråsegn til oppstartsmelding - regulering del av FV410 - Langhøyane - Kjebogen - gnr 45 bnr 229 m fl**

Vi viser til brev datert 28.02.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 45 bnr. 229 m. fl., Langhøyane – Kjerbogen, Radøy kommune. Hovudføremålet med reguleringa er utviding av veg og etablering av fortau. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til vegareal.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

#### Samordna areal- og transport

Regional transportplan for Hordaland (2013-2024) viser til at strekningsvise utbetringstiltak, med fokus på framkomme og trafikktryggleik, er viktige prioriteringar. Det vektleggjast at gang- og sykkelveger i område kring skular og andre målpunkt for barn og unge er viktige trafikksikringstiltak. Det er viktig at fortau vert godt utforma og merka for å gjere den trygg og attraktiv å nytte.

#### Barn og unges interesser og universell utforming

Fylkeskommunen ser det som positivt at man med planen ønsker å styrke trafikksikkerheten for myke trafikkantar og såleis auke tryggleiken for born og unge som nyttar vegen.

Det bør leggjast til rette for universell utforming av gang- og sykkelveg, samt busslommar/busstopp, med heilsakapleg og gjennomført design/arkitektur. Tiltak for tilkomst, synbarhet, kontrastar, merking og utbetring av nivåforskellar for å lette orientering og farbarheit for svaksynte og rørslehemma bør innlemmas som eige del av planen.

Krava som følgjer av TEK10 og Norsk Standard 11005:2011 *Universell utforming av opparbeidete uteområder - Krav og anbefalinger*, gjeld.

#### Kulturminne

Me vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurdert og tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentlig konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Like nord for plangrensa ligg det ein steinalderbuplass (Askeladden id. 91073), men potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vart likevel vurdert å vera lågt. Me har derfor inga avgjeraende merknader i saka.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve til kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på barn og unge sine interesser, universell utforming og kulturminne.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Kjetil Bø Omarstrand  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Kjetil Bø Omarstrand, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

RADØY KOMMUNE

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest